



- Start med å sjå <https://tv.nrk.no/serie/baseboys/sesong/3/episode/14>



Kva betyr det å vere lojal? Snakk saman to og to.

Forklar til elevane: *Vi menneske er det vi kallar "flokkdyr". Det betyr at vi er avhengig av å høyre til i ulike flokker for å ha det trygt og bra. For at vi skal få høyre til i flokkane våre er vi født med ein del eigenskapar som gjer at vi binder oss til kvarandre og blir ein flokk som tek vare på kvarandre i kvardagen. Eigenskapen lojal har vi for å høyre til i ein flokk. Vi har mange ulike flokker, som venneflokk, klasleflokk, eller fritidsaktivitetsflokk. Den viktigaste flokken vi høyrer til i er familien. Familieflokken sørger for viktige ting vi treng i kvardagen som ein stad å bu, mat og klede og sånn. I familieflokken passar ein også på kvarandre og er glad i kvarandre. Det å vere lojal handlar mykje om nettopp dette; å ville ta vare på og beskytte dei i flokken sin. Det er fint å vere lojal overfor familien sin, og overfor venner. Men nokon gongar kan barn la vere å fortelje om vonde ting som skjer heime fordi dei er lojale mot foreldra. Det er ikkje berre bra. Dersom ein opplever at det skjer vonde ting heime har barn alltid lov å fortelje det, for då kan familien og barnet få hjelp.*

- Vi skal sjå filmen [Familie og følelser - YouTube](#)



Kvífor kan det bli det vanskeleg for barn å vere lojal i slike situasjonar?

Her vel barnet å fortelje om det som er vanskeleg heime. Kven er barnet lojal mot då? (Seg sjølv og søstera? Andre familiemedlemmer det går ut over, og også foreldra fordi dei kan få hjelp til å få det betre).

- Vi skal sjå ein musikkvideoen om ei jente som har ein pappa som drikk for mykje alkohol: ["Hæi" - Ravi ft. Mia Francke || Rus - NRK Super - YouTube](#)

Korleis kan jenta her både få hjelp sjølv, og hjelp til pappaen sin? Ved å fortelje dette til vaksne ho stoler på slik at andre vaksne kan hjelpe dei. Om ho er lojal og ikkje fortel det til nokon, så får dei ikkje hjelp.

#### 4. 4 hjørne – om lojalitet

Vi skal gjere ei lita øving der elevane får moglegheit til å ta val i etiske dilemma knytt til det å vere lojal. Lag plass i klasserommet til at elevane kan gå til ulike hjørne av klasserommet etter kva alternativ dei er mest einig i.

- Live er Manchester United-fan. Heilt sidan ho var lita har ho og pappa sett på Man U-kampar saman, som regel ikledd kvar si Man U-drakt. Den siste tida har vore tøff for laget. Man U har gått på tap etter tap, og mange er frustrert på trenaren. Live kjenner at hjertet hennar ikkje bankar like varmt for Man U som før. Kva bør Live gjere?
  - Live bør minne seg sjølv om alle dei tinga ho liker ved laget sitt, og vere lojal og halde fram med å støtte Man U også i periodar med motgang og tap.
  - Live kan halde med fleire lag samtidig.
  - Live bør sjå seg om etter eit anna fotball-lag som ho kan heie på og støtte
  - Andre forslag?

b) Ola og Sander er brødre. Ola er eldst og går i 6. klasse, Sander i 4. Ola synast Sander kan vere skikkelig irriterande, og dei krangler ganske ofte. I går lånte Sander Ola sin PS4-controller, og rota den bort. På veg heim frå skulen i dag ser Ola at to gutar i klassen til Sander er stygge med han, dei skubbar han og han dett i asfalten. Kva bør Ola gjere?

- Ola bør vere lojal med broren og gripe inn og støtte han i møte med bøllene.
- Ola kan la Sander handtere situasjonen sjølv, men sei frå til ein vaksen når han kjem heim.
- Ola kan gå vidare og tenke at Sander får klare seg sjølv sidan han er så irriterande.
- Andre forslag?

(Sei gjerne til elevane at det er vanleg at søsken støttar kvarandre ute sjølv om dei ikkje er så gode venner inne. Kva er grunnen til det? Lojalitet til flokken.)

c) Foreldra til Amund er skilde. Amund bur halvparten av tida med mamma, og halvparten av tida med pappa. Mamma spør ofte korleis Amund har det når han er med pappa, og vil gjerne høre om kva pappa gjer og ikkje gjer. Amund får følelsen av at mamma spør for å finne feil som pappa gjer. Korleis bør Amund svare når mamma spør?

- Amund kan svare ærleg på alle spørsmåla mamma stiller.
- Amund kan svare ærleg på spørsmåla, men legge til forklaringar og unnskyldningar dersom pappa har gløymt noko som var viktig, eller sagt eller gjort noko som vart feil.
- Amund kan fortelle litt når mamma spør, men utelate det dersom pappa har gløymt noko som var viktig, eller sagt eller gjort noko som vart feil.
- Andre forslag?

(Dette eksempelet er det mange som har erfaring med. Og her ser ein typisk at barnet kjem i ein lojalitetsskvist mellom foreldra. Korleis er dette for Amund?)

d) Vennen din, Vera, fortel deg at far hennar har forandra seg i det siste, og at han blir oftare sint enn før. Faren kan rope og brøle når han er sint, slå i veggen og kaste ting. Vera er redd. Han kjeftar ofte på Vera og søskena, og Vera fortel deg at ho faktisk to gangar har sett at han har slått broren. Kva råd ville du gitt til Vera?

- Råde Vera til å sei frå til pappa at han ikkje kan oppføre seg slik, og at han må få hjelp til å få det betre.
- Råde Vera til å snakke med mora si, eit anna familiemedlem, ein lærar, helsejukepleiar eller ein annan vaksen som Vera stoler på.
- Råde Vera til å vente og sjå om det går over.
- Andre forslag?

(Dette er komplisert. Her visast den skumle lojaliteten der barn beskyttar ein forelder som er valdeleg, sjølv om det går ut over familien. Her er det viktig å seie tydeleg til elevane at Vera sinn venn også har eit ansvar for å fortelje dette til ein vaksen ho stolar på. Barn skal ikkje tolke vald og overgrep frå foreldre for å vere lojal.)

5. Ha gjerne litt frosketid i løpet av timen om det passar. Til dømes denne [Puste i dyrestillinger - YouTube](#)
6. Om de rekk meir så jobb vidare med skilsmisses. Sjå filmen frå Kort Fortalt: [Skilsisse er vanskelig. Hvordan takle det best mulig? - YouTube](#)
  - Bruk materiellet på [NRK Super - Tema - Skilsisse](#).
  - Snakk saman i grupper. Kva kan barn og unge oppleve som vondt og vanskeleg når foreldra går frå kvarandre? Finnast det noko som kan vere bra med at foreldra går frå kvarandre? Fortel også elevane om der er skilsissegrupper tilgjengeleg for dei på skulen.
7. De kan også sjå filmen om Joffe som blir flau når mamma får jobb som vaktmester på skulen der han går. <https://tv.nrk.no/serie/klassen/sesong/1/episode/39> Kvifor var dette flaut for Joffe, og kva hjalp? Tenåringar er ofte flauge over foreldra sine, la dei gjerne få snakke med kvarandre om det!
8. Del klassen inn i grupper på fire. Gruppene får i oppgåve å lage ei eiga historie om lojalitet som dei kan framføre i ei form dei sjølve vel. Dette kan vere intervju, skodespel, bildeillustrasjon, short stop animasjon, teikneseriestripe, power-point presentasjon, eller liknande.